



Ei god bygd både å bu og feriera i ! (Foto: Ola Matti Mathisen)

”Uskedalen – den gode bygda å bu og feriera i”. Dette er overskrifta på det møte som bygdeutviklingsprosjektet held på Solheim Turiststasjon måndag 12. mars. Prosjektet ynskjer dette året å slå eit kraftig slag for dei kvalitetar som gjer at vi bur i bygda eller ferierar her. Uskedalen har mange gode kort på handa, det gjeld berre å få dei fram!

Knut Førland frå Kvinnherad Næringssservice vil innleia om næringsutvikling, nyskaping og marknadsføring av bygda vår medan landbrukssjef i Kvinnherad Karin Thauland tek for seg vertskapsrolla.

- Det blir også innlegg frå ein nyttilflyttar og ein ferierande og det blir sjølvstøtt gitt rom for drøfting og innspel til vidare arbeid, seier prosjektleiar Kristian Bringedal.

Møtet på Solheim er ope for alle og det blir også servering